Med Høyres forslag ville hele endringen av inntektssystemet blitt utsatt. Det hadde vært dårlig nytt for kommunene i Agder. La meg ta et eksempel: Alle kommuner utenom Sirdal tjener på forslagene til skatteendringer regjeringen har lagt fram. Med Senterpartiet får vi en større utjevning, fra skattesterke kommuner til skattesvake kommuner. Høyre fremmer ikke et eneste konkret forslag i denne saken. De ber om nye utredninger og utsettelse av endringene i systemet. Det er ganske utrolig, spesielt med tanke på at det var Høyre i regjering som satte i gang dette arbeidet.

Senterpartiet og Arbeiderpartiet har vært tydelige på at når det gjelder inntekter kommunene har fra å ha avgitt naturressurser til kraftutbygging, skal kommunene beholde sin andel av den verdiskapingen lokalt. Høyre vil sette kraftinntektene i spill igjen. Selv om dette er kjente takter fra Høyre, er det rett og slett en dårlig idé, for det er næringsfiendtlig og dårlig for det grønne skiftet vi står i. Kommuner som avsetter naturressurser for å produsere fornybar energi, skal ha sin andel av de inntektene disse verdiene gir.

Vi, alle som har et sete i denne salen, har en jobb med å prioritere foran oss. Det er så enkelt å fortelle hva det er som ikke fungerer i kommunal sektor, og hva det er kommunene må gjøre mer av, men svært få forteller hva kommunene skal gjøre mindre av i framtiden. Det er en debatt jeg er interessert i å ta del i framover.

Det nye inntektssystemet løser ikke alt. Det er økte renter, prisvekst og et stort antall fordrevne fra Ukraina. Det setter press på tjenestene, men det nye inntektssystemet gir en mer rettferdig fordeling, og det har vært avgjørende.

Lene Vågslid (A) [15:09:32]: Her konkurrerer me mot litt lyd frå utsida, så eg skal prøve å snakke høgt. Debatten er god, engasjementet er òg stort, særleg frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og SV.

Høgre har i dei få innlegga dei har hatt i dag, brukt litt tid på å beskrive Arbeidarpartiet og Senterpartiet. Det dårlege humøret som Høgre starta debatten med, kan eg kanskje lette litt på no: Det er ikkje slik at me forventar støtte frå partia på høgresida. Det me forventar, er at Høgre og Framstegspartiet har ei politisk oppfatning av kva dei vil med kommunane. Kva slags plan har høgresida for norske kommunar? Det har vore veldig vanskeleg å få svar. Fleire har utfordra Høgre på om dei er for eller mot meir omfordeling. Så kom representanten Hårek Elvenes og klargjorde ein del, og eg synest det er bra at Høgre er tydeleg på at dei ikkje ønskjer meir utjamning og omfordeling mellom kommunane. Slik sett er kanskje katten no ute av sekken. Tek eg feil, må eg gjerne bli korrigert.

I forslaget til nytt inntektssystem viser me at me lyttar til både faglege råd og kommunane. Dette forslaget løftar dei skattesvake kommunane slik at alle kommunar er oppe på 95 pst. Dei kommunane som enkelte av representantane til Høgre har vist mest omsorg for frå talarstolen her i dag, vil framleis liggje langt over landsgjennomsnittet.

Eg har eit spørsmål til representanten Holm Lønseth og Høgre når det gjeld naturressursar og deira forslag nr. 18. Det var ein liten disputt før i dag om at me misforstod korleis ein skulle oppfatte det forslaget. Eg ønskjer at Høgre klargjer kva dei meiner med forslaget, for eg klarer ikkje å forstå det på annan måte enn at dei kommunane som samla har inntekter over 140 pst. – alle inntekter medrekna – ikkje skal kompenseras gjennom inntektsutjamninga. Betyr det noko anna enn å innlemme desse inntektene i inntektsutjamninga, bør det klargjerast.

Øystein Mathisen (A) [15:12:00]: Med Arbeiderpartiets og Senterpartiets nye inntektssystem styrker vi kommunenes mulighet til å satse på velferd, fellesskap og arbeidsplasser i hele landet.

Mitt hjemfylke, Nordland, kommer svært godt ut med det nye systemet. For øykommunene Træna, Værøy og Røst betyr det nye inntektssystemet en helt ny økonomisk situasjon. Det gir dem muligheten til å bygge levende lokalsamfunn med stor framtidstro. Bare endringene i inntektssystemet anslås å gi Nordland 152 mill. kr

mer. Sammen med den generelle styrkingen av kommunøkonomien fra regjeringen kan dette gi 275 mill. kr mer til Nordland.

Hvordan landets kommuner hadde kommet ut hvis Høyre hadde styrt, vet vi ikke, for de skal utrede mer, og vi får ikke se løsningen deres, men hvis vi ser litt på historien og på tidligere prioriteringer, kan vi se til 2016, da Solberg-regjeringen la fram en omfattende endring i det norske inntektssystemet. Og disse endringene tok 4,1 mill. kr fra Nordland. Vi gir 152 mill. kr, de tok 4,1 mill. kr. Høyres system skulle styrke kommuner i vekst ved å ta fra dem som hadde fallende innbyggertall. For regjeringen er det viktigere med en bedre og mer rettferdig omfordeling av inntektene mellom kommunene. Dette gir trygghet, og det er fellesskap i praksis.

Økningen Arbeiderpartiet og Senterpartiet foreslår for kommunøkonomien, er den største på 15 år, med ett unntak: vår egen økning i 2022. For mange kommuner gir dette muligheten til å styrke viktige velferdstjenester som skole, eldreomsorg og helsetilbud. For andre betyr det at dramatiske kuttforslag, som nedbemanning og nedleggelse av barneskoler, kan unngås.

Som nevnt tidligere, vet vi ikke hva Høyres alternativ er, men verken historien eller tidligere prioriteringer tilsier at Nordland hadde kommet godt ut med Høyres forslag. Hvem som styrer, betyr noe for kommunene, det betyr noe for muligheten deres til å levere gode velferdstjenester til innbyggerne våre.

Birgit Oline Kjerstad (SV) [15:14:37]: To av dei største utfordringane i vår tid er klimaendringane og naturtapet. Skal Noreg nå måla i naturavtalen og klimavtalen, må det skje klimagasskutt i kommunar og fylkeskommunar, og det må førast ein meir ansvarleg arealpolitikk som stansar arealbruksendringar og nedbygginga av natur. Som forvaltar av plan- og bygningslova har kommunane eit stort ansvar for forvaltninga av natur.

I dag er det slik at dei kommunane som bevarer natur, blir sitjande att som taparar i kampen om auka inntekter til kommunen. Vi har eit inntektssystem som favoriserer auka folketal og nedbygging av natur.

SV har styrkt natur- og klimasatsinga i våre alternative budsjett, og vi har fått forhandla inn både natur- og klimasatsingsmidlar og skogvernmidlar, men meiner at skal ein få til ei strukturell endring i måten ein forvaltar areal på i framtida, bør det kome inn ein kommunenøkkel som på ein eller annan måte gjev insentiv og inntekter til dei kommunane som faktisk stiller naturen sin til disposisjon i form av vern og på den måten tek vare på våre felles interesser knytt til dei verdifulle økosystemtenestene som CO₂-binding, flaumvern og reinsing av vatn i samfunnet. På grunn av dette støv vi forslag nr. 39,

frå Venstre, i denne saka, som nettopp handlar om det å greie ut ei slik løysing.

Fylkeskommunen skal kutte i klimagassutsleppa sine. Fleire fylkeskommunar har gjort vedtak om å stille krav til utsleppsfri teknologi i ferje- og båtanboda sine og er godt i gang med å kutte utslepp. Enno er det ikkje kome på plass ei kompensasjonsordning eller vedteke å stille krav om utsleppskutt i ferje- og båtanboda. Eg håpar verkeleg at regjeringa arbeider vidare med dette, for skal vi nå klimamåla, må slike ordningar på plass. Viss ikkje, blir dei utsette, og vi når ikkje måla våre.

Så er det interessant å høyre i debatten i dag at Høgre har omsorg for låginntektsutfordringar og sosioøkonomiske forhold. Men eg er litt meir usikker på kva dei utgreingane som ein snakkar om må til for at ein skal få eit betre inntektssystem, vil føre til. Sentralisering er ikkje nødvendigvis noko som løyser utfordringane til kommunane. Kommunen min blei tvangssamanslått, men geografien var den same.

Lisa Marie Ness Klungland (Sp) [15:17:54]: Eg vil ha ei regjering som sikrar at besta får sjukeheims plass når ho treng det, at ungane får gå i ein barnehage og ein skule nær seg, at legevakta er tilgjengeleg når dei slår seg på fotballbana og at besten kan få hjelp av heimesjukepleiar når han treng hjelp med medisinar sine. Det er viktig med ei regjering som er oppteken av kommunøkonomi og lokal velferd, slik som denne regjeringa er.

Dette er den nest beste kommunesatsinga dei siste 15 åra, berre slått av oss sjølve i 2022. Det er kome nesten ein halv milliard kroner ekstra til Rogalandskommunane. Og dei kommunane som kjem aller best ut, er Høgrestyrte Haugesund og Sandnes. Eg reknar med at ordførarane der er rimeleg fornøgde med at det er Senterpartiet som sit i regjering og ikkje Høgre, partiet som ønskjer å utsetja heile endringa. Å ikkje ta stilling er puslete, og det viser manglande styringsevne.

Ein av grunnane til at Rogaland kjem godt ut, er at kraftskatt og naturressursskatt ikkje er ein del av omfordelinga. Dette ønskjer Høgre å setja i spel. Ryfylkekommunane får behalda kraftinntektene sine. Endringane i lakseskatt og skatt frå vindkraft får kommunane behalda. Det stimulerer til lokal verdiskaping og etablering av arbeidsplassar – verdiskaping og arbeidsplassar som Høgre ikkje er interessert i å leggja til rette for.

Alle bur me i ein kommune, og kommunen vår skal hjelpa oss når me treng det. Kommunen sikrar sjukeheims plass, barnehageplass, heimesjukepleie, skuleplass, oppfølging av psykisk helse, rusomsorg og mykje anna. Skal kommunen kunna stilla opp for oss, er me avhengige av at kommunen har råd til det. Kommunane

skal stilla opp uavhengig av kva kommune me bur i, og då må pengane omfordelast betre.

Samla sett kjem 18 av våre 23 kommunar i Rogaland betre ut enn tidlegare. Per innbyggjar ligg Rogaland over snittet, og med overgangsordninga neste år vil òg dei resterande fem kommunane koma i pluss. Korleis fortsetjinga blir, er tydelegvis avhengig av kva regjering me får neste år.

Per-Willy Amundsen (FrP) [15:20:33]: Det er riktig at vi har en kommunesektor og et økonomisk opplegg som sørger for at alle kommuner er i stand til å levere likeverdige tjenester. Det fordrer omfordeling, og det vil alltid fordrer omfordeling. Diskusjonen rundt omfordeling – og på hvilket nivå – oppfatter jeg at det ikke nødvendigvis er den største uenigheten om. Det kommer an på innretningen, hva man skal kompensere for, og hvordan man skal utforme det. Problemstillingen er imidlertid at regjeringspartiene har oversett en del utfordringer som er i en del kommuner, og som kanskje ikke nødvendigvis ivaretas i tilstrekkelig stor nok grad gjennom det inntektssystemet som kommer til å bli vedtatt. Men jeg oppfatter at diskusjonen kun går langs de linjene: Hvilke kommuner vinner? Hvilke kommuner taper? Da vil jeg, med all respekt, hevde at det er en relativt endimensjonal måte å se det økonomiske opplegget for kommunene på, og inntektssystemet som sådant, for det skal også ivareta andre behov.

Vi har altså store utfordringer i kommunesektoren. Mye av dette har vært nevnt i løpet av debatten. Det handler f.eks. om kommuner som ikke er i stand til å levere likeverdige tjenester uten å bruke interkommunalt samarbeid, og som mangler kompetanse. I det hele tatt: Utfordringene står i kø. Da skulle man kanskje ønske at det ble adressert noe mer fra regjeringens side.

Jeg oppfatter at det er en allmenn hyllest til regjeringen fra Senterpartiet og Arbeiderpartiet rundt denne ene siden av problemstillingen, som handler om likeverdige tjenester og at man skal ha like muligheter i alle kommuner. Men det er altså ikke kun det som er avgjørende, for det hjelper ikke å ha finansieringsordninger som ivaretar det, dersom man strukturelt sett har store utfordringer. Det har jeg forsøkt å ta opp i denne debatten, og jeg oppfatter at det ikke er noen vilje til å lytte til de problemstillingene i det hele tatt.

Vi har blitt utfordret på hva som er Fremskrittspartiets økonomiske opplegg, dvs. størrelsen på pengene som skal omfordeles til kommunene. Vi har ikke lagt opp til noen annen innretning enn det regjeringen har lagt opp til i kommuneproposisjonen, men i likhet med regjeringen kommer vi selvfølgelig tilbake til det endelige opplegget når vi kommer til statsbudsjettet for 2025.

Så tillater jeg meg, helt på tampen av debatten, å påpeke at presidentskapet kanskje bør ta tak i situasjonen ute på Eidsvolls plass. Det handler rett og slett om at det for en del av oss blir vanskelig å følge med på debatten når noen forsøker å overdøve den demokratiske prosessen som foregår i denne salen.

Statsråd Erling Sande [15:23:47]: Når kommunane Ullensaker, Bamble og Ålesund, som alle har Framstegsparti-ordførar, tek opp utfordringane dei har knytte til rekruttering og kompetanse, desse problemstillingane som Framstegspartiet omtalar her, set dei det i samanheng med økonomi, og difor heng desse tinga i hop. Så det er inga motsetjing mellom å sikre ei utjamning no, sikre ein god økonomi til kommunane, og det å følgje opp desse krevjande problemstillingane for kommunane. Så etter det representanten Amundsen no sa, håpar eg at ein kanskje tek ein ny runde på dette og ser om ein kan slutte seg til dei utjamnande elementa i inntektssystemet.

Regjeringa har i forslaget til nytt inntektssystem slått fast at ein ikkje skal trekkje inn nye inntekter i skatteutjamninga i inntektssystemet, og dette gjeld inntektene til vertskommunar og eigarkommunar innanfor vasskraft, vindkraft og havbruk. Regjeringa vil at kommunar, både som eigarar og som vertskap, skal leggje til rette for vekst i desse næringane. Då blir det skapt verdiar som heile landet og alle kommunar har fordel av. Difor er det overraskande at somme parti i denne salen går imot ein sånn politikk, og no refererer eg til det forslaget som Høgre har og er åleine om i salen. Eg klarar i alle fall ikkje med mitt vit å tolke det på annan måte enn at ein ønskjer også ein større del av desse inntektene inn når ein skal berekne inntektsutjamninga mellom kommunar. Det er ikkje mogleg å forstå det på annan måte, og det er nettopp difor naturressurskommunane reagerer på det. Det er nettopp difor, reknar eg med, at fleire ikkje sluttar seg til forslaget òg, fordi ein rett og slett meiner at ein sånn politikk er næringsfiendtleg og skapar usikkerheit kring viktige satsingar innanfor fornybar energi og havbruk.

Debatten har vore god, og det er stort engasjement. Eg har lyst til å takke komiteen for det arbeidet som er lagt ned med inntektssystemet, ei sak som er viktig for innbyggjarane våre. Det handlar om hender i omsorg, det handlar om lærarar og vaksenpersonar i skulen vår, det handlar om kva tilbod vi får på tekniske tenester rundt om i landet vårt – ei viktig sak. Eg takkar for det. Og så er vi kanskje eit steg nærare å forstå Høgres posisjon etter representanten Elvenes si bekymring for Bærum og Asker. Det er mogleg det er der det ligg. Representanten Elvenes spør om utjamninga har gått for langt. Det er kanskje det som er Høgre sitt standpunkt. Det vil eg utfordre representanten Kapur på. Er ein einig med representanten Elvenes i at utjamninga har gått for

langt, og er det det som er innvendingane mot det regjeringa føreslår?

Heidi Greni (Sp) [15:27:01]: Ganske ofte når vi har debatter her i salen, bidrar de til at en får litt større klarhet i hva som er de ulike partienes syn. Dessverre har ikke denne dagen bidratt til det. Jeg har fortsatt ikke fått med meg hva Høyre egentlig er fornøyd med av regjeringens forslag. Er det f.eks. de forslagene som ekspertutvalget fremmer, og som vi følger opp i denne innstillingen? Er det det Høyre er fornøyd med, f.eks. fjerning av regionsentertilskudd, endring i vekstkommunetilskuddet, endring i PU-kriteriet, endring i barnehagekriterier, osv.? Det har stort sett bare vært ull fra representantene i kommunalkomiteen, som er helt umulig å tyde, og i hvert fall lett å misforstå.

Som statsråden var inne på, var Hårek Elvenes befriende tydelig. Han mener at omfordelingen har gått for langt, altså at vi skal ha en mindre omfordeling av skatteinntektene. Jeg håper at representanten Kapur, som kanskje er den eneste Høyre-representanten i salen her nå, kan avkrefte eller bekrefte at det er Høyres syn på inntektsutjamning, at det har gått for langt, og at det bør begrenses.

Representanten Linnestad hadde stor bekymring for de folkerike kommunene på Østlandet, som nå etter hennes syn får en voldsomt dårlig kommuneøkonomi, og at det vil være vanskelig for dem framover å fortsette å være motor i utviklingsprosjekter der flere kommuner er innlemmet, f.eks. Da kan jeg minne om at Bærum taper vel 3 000–4 000 kr per innbygger. Frøya, i mitt hjemfylke, taper 13 000 kr per innbygger. Bærum har i tillegg en disponibel egenkapital på 3,78 mrd. kr, og hvis de ikke klarer å bruke noen promiller av det til å takle den omstillingen over en toårsperiode, blir jeg ganske bekymret over styringen av den kommunen.

Så snakker Høyre veldig ofte om at de fremmer forslag på vegne av Kommune-Norge. Da vil jeg gjerne høre hvilke kommuner i Norge som har bedt om et utsettelsesforslag og bedt om å få være i uvisse fram til budsjettet blir lagt til høsten. Kan man klargjøre ett eneste eksempel på en kommune som mener det er godt for Kommune-Norge at dette ikke blir avgjort i salen her nå?

Geir Inge Lien (Sp) [15:30:17]: Ja, landet vårt er langt, og eit nytt inntektssystem kjem godt med og er kjærkome. Det å få ei meir rettferdig og god geografisk fordeling av inntektene er viktig, slik at skattesvake kommunar òg kan få ta del i det som er viktig for ei god utvikling av Kommune-Noreg.

I Møre og Romsdal var det ingen kommunar som tapte på det nye inntektssystemet. Alle kom bra ut. Vi får 400 mill. kr meir til kommunane i Møre og Romsdal neste år, og sjølve utjamninga i inntektssystemet utgjær

284 mill. kr av det. Det er òg viktig at vi no gjeninnfører gradert basistilskot til kommunane, slik at ikkje nokon vert straffa for å ville vere eigen kommune. Det er viktig. Kommunane bidreg til ei sterk utvikling av samfunnet vårt. Det å ha kommunar som er med på å utvikle næringsliv, gode bumiljø, gode skular og gode barnehagar og vil leggje til rette for bulyst, er utruleg viktig i dette langstrakte landet.

Det er òg viktig at lokalsamfunn som stiller sine naturressursar til disposisjon, får meir igjen for det og sikrar sin rettmessige del av verdiskapinga. I forslaget til nytt inntektssystem vert dette følgt opp ved at inntektene frå naturressursane – som kraftproduksjon og havbruk – framleis skal haldast utanfor inntektsutjamninga. Havbruksfondet er viktig for mange av kommunane framover. Det er òg viktig at statsforvaltaren får unna konsekusjonssøknader og nye havbrukskonsesjonar utan særkrav innanfor den tidsramma som forskrifta no tilseier.

Det er ein gledesdag for landet vårt. Det er bra for Noreg. Vi tek heile Noreg i bruk, og vi skal ha tenester nær folk. Difor er eg glad for at Senterpartiet og Arbeidarpartiet som regjering no får på plass eit nytt inntektssystem, og at det er eit godt fleirtal for det her i dag. Dette ser vi veldig fram til.

Tobias Drevland Lund (R) [15:32:47]: Det har vært interessant å følge debatten her i dag. Det ble sagt i et innlegg fra representanten Kapur fra Høyre at Rødt diltet etter regjeringen, og det måtte jeg nesten tegne meg for å si litt om.

Rødt er med på og har egne forslag i dag – i alt 27. Vi er fullt i stand til å tenke selv og stå for egen politikk. I vår egen politikk – i arbeidsprogrammet vårt – står det at Rødt er for et mer utjevne, rettferdig inntektssystem. Det svares opp med det som ligger på bordet, og det som skal vedtas. Det er et mer utjevne, omfordelende inntektssystem som blir vedtatt, og det er også i tråd med vår politikk.

Spørsmålet er hva Høyre mener, for det kan man jo bli litt forvirret av når man hører denne debatten. En som var ganske tydelig og kanskje litt for ærlig – jeg vet ikke – var representanten Hårek Elvenes fra Høyre og Bærum, som sa rett ut at det var for mye utjevning allerede, og at inntektsutjevningen hadde gått for langt. Hvis det er det som er Høyres politikk, vil jeg at representanten Kapur kommer og avkrefter eller bekrefter om det er det som er tilfellet, for de klarer jo ikke å ta stilling til det som behandles her i dag, nemlig om man skal ha et nytt inntektssystem eller ikke.

Resultatet av å utsette innføringen av et nytt system vil være at mange av de skattesvake kommunene – Høyre har i dag ordførerkjedet i mange av disse, som byene Drammen, Larvik, Skien, Porsgrunn, Fredrikstad, Sarps-

borg og dessuten Lillestrøm, som ble nevnt her tidligere – som sårt trenger en større pengesekk, som trenger mer innsats for å bekjempe levekårsutfordringer, og som trenger penger til å bekjempe fattigdom, ikke vil få det hvis man ikke innfører et nytt inntektssystem.

Det store spørsmålet og elefanten i rommet er hva Høyre egentlig mener. Er det Høyre i Bærum, eller er det Høyre på Stortinget? Hvem har rett, og hvem mener hva? Kanskje vi får en oppklaring av det i slutten av debatten. Jeg vil i hvert fall takke for min del og synes det har vært en spennende og givende debatt. Jeg håper vi etter hvert kan se effektene av et nytt inntektssystem.

Presidenten [15:35:10]: Representanten Birgit Oline Kjerstad har hatt ordet to ganger tidligere i debatten og får anledning til en kort merknad, begrenset oppad til 1 minutt.

Birgit Oline Kjerstad (SV) [15:35:22]: Eg vil rette merksemda mot eit tema som var oppe også i fjor, og det er vertskommunar for store institusjonar for psykisk utviklingshemma, dei som historisk hadde desse oppgåvene. Vestnes og Kvæfjord er slike kommunar, men det er også fleire, som har ekstra utfordringar med bygningsmasse og store pensjonskostnader på grunn av at dei har hatt denne rolla. Eg er glad for at vi kan vere med på eit forslag der ein ber regjeringa sjå på denne særlege utfordringa, og eg er også glad for at Arbeidarpartiet og Senterpartiet kom med merknader om det same. Eg håpar at dette er noko som kan finne ei løysing i komande budsjett.

Lene Vågslid (A) [15:36:15]: Det er tre hovudelement i inntektssystemet som det er viktig å få svar på kva dei ulike partia meiner om. Det eine er skatteelementa. Er Høgre og Framstegspartiet for dei grepa me har føreslått i skatteelement? Dei fekk støtte i høyringa òg frå NHO.

Er Høgre og Framstegspartiet for oppdaterte kostnadsnøklar? Det legg eg eigentleg til grunn at ein er, for det veit alle at er heilt nødvendig.

Det tredje handlar om regionalpolitiske tilskot. Der oppfattar eg at me er ueinige om enkelte element, og det er heilt ryddig og heilt greitt. Eg vil eigentleg gjenta det eg sa før i dag: Eg synest representanten Amundsen og Framstegspartiet er langt tydelegare i saka enn Høgre, sjølv om Hårek Elvenes var førebiletleg her i stad. Det er difor behov for ei oppklaring frå kommunalpolitisk talsperson frå Høgre om kva som er Høgres politikk når det gjeld kommuneopplegget for neste år, og kva veljarane kan forvente seg om ein skulle vurdere å stemme Høgre ved stortingsvalet.

Når me gjer slike endringar, er det i tillegg viktig at me legg ein del pengar på bordet. Endringar i inntekts-

systemet er ikkje berre moro; det er fleire kommunar som no må bidra meir inn i inntektsutjamninga. Sjølv om dei framleis vil ligge veldig høgt når det gjeld landsgjennomsnittet i skatteinntekter, er det krevjande for dei kommunane det gjeld. Det vil eg berre understreke. Anten det gjeld Oslo, Asker, Bærum eller andre kommunar som no må bidra langt meir til inntektsutjamninga, har eg forståing for at det ikkje er det ein ynskjer seg mest i dei kommunane det gjeld.

Eg har òg lyst til å ta ein liten vitsett til mitt eige fylke, Telemark. Med nytt inntektssystem og auking i frie inntekter vil kommunane i Telemark til neste år få over 200 mill. kr meir. Me som har vore på komitéreise der, veit korleis behova er i Skien kommune og i Porsgrunn kommune når det gjeld både levekår og behovet for å tilsetje fleire sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og lærarar i skulen. Lista er òg lengre. Hovudintensjonen til Arbeidarpartiet og Senterpartiet – og slik eg òg høyrer, SV og Raudt – har vore at når me omfordeler meir, er det nettopp for å setje fleire kommunar i stand til å levere på desse tenestene, for me bur over heile landet, i små og i store kommunar.

Eg er glad for at det er såpass stor einigheit på venstresida, og så treng me på slutten av debatten ei oppklaring særleg frå Høgre. Kva er Høgre sin politikk for kommunane? Kva plan har Høgre for kommunane til neste år og i neste stortingsperiode?

Mari Holm Lønseth (H) [15:39:16]: Jeg tenkte jeg igjen skulle følge litt opp det som også har vært en del av debatten, altså vårt forslag om å utrede at skattesvake kommuner som har mer enn 140 pst. i snitt per innbygger, kanskje ikke skal motta penger fra andre kommuner. La meg bare klargjøre én gang for alle, særlig for Senterpartiets representanter, hva det forslaget egentlig handler om. Det handler rett og slett om at vi i dag har noen kommuner som er skattesvake, men som samtidig har høye inntekter fra kraft. Det er det rett og rimelig at de har. De inntektene de kommunene får, skal de også beholde i framtiden. Det er utrolig viktig hvis vi skal klare å legge til rette for at flere kommuner vil gjøre disse inngrepene framover, enten det handler om å bygge ut vindkraft eller vannkraft, og sitte igjen med noe av den regningen selv.

Spørsmålet er om kommuner som i og for seg har mindre inntekter enn disse kommunene, skal omfordele til de kommunene som har ganske høye skatteinntekter, men som ikke inngår i inntektsutjevningen. Forslaget vårt omhandler ikke at noe skal tas inn i inntektsutjevningen, det handler rett og slett om at det er noen kommuner som kanskje i framtiden ikke skal motta overføringer fra andre kommuner.

Når det er sagt, er det også mange gode spørsmål knyttet til hvordan det skal utredes og innføres. Det er også bak-

grunnen for at vi har det som et utredningsforslag. Det er jo også tydelig at regjeringen selv mener at noen kommuner som har disse høye inntektene, akkurat de samme inntektene, ikke skal få distriktspolitiske tilskudd for Sør-Norge. Det viser at det også er mulig å finne en sånn type innretning som kanskje vil være rettferdig for de kommunene som avgir til det store fellesskapet i dag.

Det er ikke sånn at kommuner som har høye kraftinntekter, og som er i distriktet, nødvendigvis har mindre utfordringer med rekruttering e.l. Altså ser jeg egentlig ikke argumentet at dette skiller seg noe vesentlig fra det regjeringspartiene selv legger opp til.

Mudassar Kapur (H) [15:41:52]: Jeg har lite grunn forståelse for at Arbeiderpartiet og Senterpartiet på en dag som i dag har behov for å late som om Høyre ikke har redegjort for sine standpunkter, verken i innstillingen, i innlegget eller i replikkvekslingene. Likevel: Det som egentlig er hovedproblemet, er at når man først har bestemt seg for ikke å lytte, hjelper det ikke hva vi gjentar. Det er egentlig litt av den samme filosofien man har tenkt å ha overfor Kommune-Norge. Når vi i denne saken peker på veldig mange utfordringer som Kommune-Norge står overfor – befolkningsvekst, levekår, kompetanse og det å hindre fraflytting og få til verdiskaping og næringsliv – er det slik at mange kommuner, også de som kommer såkalt styrket ut av regjeringens tynne spredning av penger, har meldt tilbake at det ikke løser morgendagens problemer.

Når et seriøst parti som Høyre går inn i dette, vel vitende om at inntektssystemet henger sammen, er det viktig at vi får utredet en del av disse spørsmålene før man begynner å gjøre endringer eller levere alternative inntektssystemer. Dette vet Arbeiderpartiet og Senterpartiet godt, men det som bekymrer meg, er egentlig denne kunnskapsløsheten som har kommet fram fra regjeringspartiene gjennom denne debatten – eller så later de som. Det får de stå for selv.

Jeg har merket meg at vi gjennom dagen ser et Arbeiderparti og et Senterparti som egentlig ikke vil lytte, som ikke tar Kommune-Norges bekymringer på alvor, og som gjennom alle sine innlegg viser at når vi sier at helheten i regjeringens forslag vitner om at Arbeiderpartiet og Senterpartiet ikke forstår hverdagen til norske kommuner, har vi fått rett. Vi mener at denne saken bør sendes tilbake. Regjeringen må gjøre en bedre jobb, og basert på hva som er kommet fram i denne salen, er det åpenbart at regjeringspartienes medlemmer bør sette seg ned med kommunesektoren og ta det de sier på alvor, og ikke minst slutte å late som om inntektssystemet er et fragmentert system hvor man kan skru på noen knapper her og der, og som ikke henger sammen.

Kanskje kunne vi hatt en mer fruktbar debatt da, men jeg har sett statsrådens forsøk, komitélederens forsøk og flere forsøk gjennom dagen. Det er sikkert noen som kommer til å tegne seg nå på nytt for å drive med politisk spinn, men jeg tror at denne saken er altfor alvorlig. Vi har en rekke helt klare bestillinger til det arbeidet som bør gjøres videre, og jeg minner om våre forslag. Jeg håper også at vi får en litt mer lyttende regjering, ikke en som bare dømmer.

Sigbjørn Gjelsvik (Sp) [15:45:11]: Det er fascinerende å høre representanten Kapur seie at ein ikkje er klar til å behandle saka i dag fordi ho ikkje er greidd ut. Kven var det som starta denne prosessen? Det var Høgre i regjering som sette ned inntektssystemutvalet. Det var dei som gav inntektssystemutvalet eit mandat som sa kva som skulle verte greidd ut i samband med nytt inntektssystem. Viss det er sånn at partiet Høgre etter å ha sett utgreiinga frå inntektssystemutvalet meinte at det var ting som ikkje var greidd ut, og som det var behov for å greie ut meir, burde dei ha teke initiativ til å setje i gang slike utgreiingar. Då vi behandla kommuneproposisjonen i fjor, var Høgres bodskap tvert imot at no hastar det med eit nytt inntektssystem. Ein uttrykte frustrasjon over at regjeringa ikkje hadde lagt fram eit forslag til inntektssystem for Stortinget basert på rapporten frå inntektssystemutvalet. Likevel: Når regjeringa har gjort grundige vurderingar av både dei faglege vurderingane ifrå inntektssystemutvalet og dei politiske vurderingane på toppen av det, og har jobba godt med det i god dialog med kommunesektoren, då kjem plutselig Høgre og er ikkje klar til å behandle saka.

Til bodskapen frå representanten Kapur om at ein har spreidd pengar tynt rundt: Inneverande års budsjett for kommunesektoren hadde vore ca. 3,4 mrd. kr mindre viss Høgre hadde fått gjennomslag for det alternative budsjettet sitt i inneverande år. Vi sørgjer for betre inntekter for store og små kommunar over heile Noreg, og det er viktig å sørgje for ei oppdatering av inntektssystemet. Som representanten Vågslid var inne på, er det viktig å få avklart kva Høgre og Framstegspartiet her faktisk meiner, knytt til dei ulike elementa i inntektssystemet, sånn som f.eks. kostnadsnøklar. Ei heilt nødvendig fagleg oppdatering av kostnadsnøklane, eksempelvis frå min eigen kommune Lillestrøm, inneber nesten 60 mill. kr i endring berre på pleie og omsorg. Det er behov for å ikkje vente, men for nettopp å sørgje for å kunne vareta det tenestetilbodet som ein har innanfor ulike sektorar i ulike kommunar. Det er heilt nødvendig og viktig at ein får oppdatert kostnadsnøklane.

Dermed er det utruleg viktig at ein sørgjer for ei betre fordeling mellom skattesterke og skattesvake kommunar, sånn som ein rekkje ordførarar frå Høgre landet

rundt har bidrege til opprop om at ein skal bidra til. Likevel, når saka kjem til behandling her i Stortinget, skygjer Høgre banen og er ikkje interessert i å vere med på det. Eg registrerer at representanten Elvenes seier at omfordelinga har gått for langt.

Vi sørgjer gjennom vedtak i denne saka her for at ein òg skal sjå på overgangsordningar for kommunar som kjem i minus, men vi må også sørgje for nødvendig omfordeling for å leggje til rette for betre tenester for folk i heile Noreg – i bygd og by.

Lene Vågslid (A) [15:48:21]: Til representanten Kapur: Eg har sete her og lytta i heile dag, eg, og eg har notert flittig. Heldigvis treng me ikkje å notere alt, for det er jo referat frå desse debattane. Eg vil oppfordre alle til å gå inn i dagens referat og vurdere sjølv om ein opplever at ein i Høgre har vore klar på kva ein meiner om kommuneopplegget for neste år, og om ein opplever at partiet Høgre har ein plan for inntektssystemet.

Det eg høyrer frå representanten Kapur, er påstandar om Arbeidarpartiet og Senterpartiet. Det er greitt, det er ein politisk debatt, det må me for så vidt tole. Samtidig seier igjen representanten Kapur frå Høgre at det er mange kommunar som har meldt tilbake at det er behov for å utsetje og greie ut meir. Kva for nokre kommunar er det? Ikkje ein gong har det blitt vist til ein kommune. Det finst sikkert ein, det tvilar eg ikkje på, men på høyringa til komiteen var ikkje det eit forslag. Eg har høyrte kommunar som skulle ønske at dei fekk litt meir enn det dei får, at me gjekk litt lenger i utjamning. Eg har òg registrert kommunar, for all del, som ikkje er så glade i omfordeling. Det er ei heilt ærleg sak, og det er poenget frå både Arbeidarpartiet og Senterpartiet her frå talarstolen i dag: Det er frigjerande når representanten Hårek Elvenes seier det som truleg er Høgres politikk, nemlig at utjamninga har gått for langt. Det er klart at det då er mange Høgre-ordførarar rundt om i landet som blir skuffa. Det forstår eg, for det er Arbeidarpartiet og Senterpartiet i regjering, saman med SV og Raudt, som tydeleg har ein politikk for meir omfordeling, og det er slik sett klargjerande.

Eg vil elles tilbakevise at nokon på denne talarstolen manglar kunnskap. Eg tenkjer at slike hersketeknikkar kan me kanskje halde oss for gode til.

Det er framleis anledning til å teikne seg. Det er rom for å meine noko om skatteelementa. Det er rom for å meine noko om kostnadsnøklane og regionalpolitiske tilskot. At ein i Høgre ikkje har klart det på den tida me har hatt saka til behandling, er deira sak. Det ser ut til at det er mange andre parti på Stortinget som fint har greidd det.

Geir Inge Lien (Sp) [15:50:49]: Eg må stille meg heilt bak innlegga til dei to siste talarane, altså Vågslid og

Gjelsvik. Dei var heilt korrekte og fantastiske. Representanten Kapurs innlegg må eg derimot seie at eg reagerte sterkt på, og det var eigentleg grunnen til at eg no teikna meg på nytt.

Blant anna kommunalministeren og eg var i ein kommune som heiter Giske, og der har dei ein Høgre-ordførar som heiter Kenneth Langvatn. Han var veldig fornøgd – han gav i alle fall uttrykk for det då vi var der – med måten Giske kommune kom ut på. Giske er faktisk ein av dei kommunane i mitt fylke som for første gong har hatt eit løft gjennom ein inntektsmodell. Det kan det vere mange grunnar til, men det er i alle fall utruleg kjekt å kome til ein plass der det vert sett så pris på av ein Høgre-ordførar.

Eg har òg lyst til å reinske opp lite grann når det er snakk om å spreie det tynt utover. Nei, det er slettes ikkje tynt i ei tid som er krevjande for kommunane med renter og andre utfordringar. For eksempel Molde kommune får no 18 mill. kr meir å rutte med. Det er ikkje tynt. Eg er sikker på at Høgre-ordføraren i Molde kommune er kjempegodt fornøgd med å kunne få dei pengane. Haram kommune får 24 mill. kr. Det er fleire gode eksempel på dette. Alle bykommunane i Møre og Romsdal, både Kristiansund, Ålesund og Molde, kom godt og positivt ut av det, og dei oppfattar det ikkje som tynn spreiring utover. Dette var eit viktig grep for å kunne varetta god tenesteproduksjon landet over.

Heilt til slutt har eg berre lyst til å seie at eg er veldig glad for at det no vert jobba for vertskommunane som tidleg på 1990-talet tok på seg ansvaret då institusjonane for psykisk utviklingshemma vart avvikla, og at vi no kan sjå på systemet der kommunane bl.a. gjennom pensjonsforpliktingar kjem utruleg dårleg ut og har store belastningar. Det må ikkje vere sånn at kommunar som tek på seg ansvar for eit system, skal tape på det, korkje på kort eller på lang sikt. Då ville vi få problem med at kommunane ikkje vil gjere slike oppdrag i framtida. Eg er veldig glad for at både regjeringa og SV no støttar oss i dette prosjektet og skal sjå på at det vert ei ordning for kommunar som Kvæfjord og – ikkje minst – for min kommune, Vestnes, der eg kjem frå.

Dette er utruleg bra. Eg synest regjeringa og støttepartia har gjort ein god jobb, og eg er forundra over Høgre og Framstegspartiet som ikkje kan sjå at vi skal ta heile landet i bruk. Tenester nær folk er utruleg viktig, og det gjer dette inntektssystemet ein god jobb for å utbetre. Dette er ein gledesdag.

Presidenten [15:53:27]: Representanten Mudassar Kapur har hatt ordet to ganger tidligere i debatten og får

anledning til en kort merknad, begrenset oppad til 1 minutt.

Mudassar Kapur (H) [15:53:42]: Dette blir naturligvis mitt siste innlegg. Jeg har ikke luksusen med til stadig å kunne tegne meg til nye 3-minuttere, så jeg får bruke min anledning til å ta et siste innlegg, og så får vi se om andre tegner seg etterpå.

Det var veldig fint at representanten fra Arbeiderpartiet kunne svare ut min lille utfordring om hvorvidt det var kunnskapsløshet eller om det var med vilje. Det var i hvert fall ikke kunnskapsløshet. Da vet vi hva vi står igjen med, og det er at man rett og slett later som man ikke forstår hva vi prøver å si.

Jeg må si at som representant i en viktig komité som kommunal- og forvaltningskomiteen, som legger fram en så viktig sak som dette, er jeg egentlig veldig skuffet over at vi har regjeringspartier som i en såpass viktig sak for Kommune-Norge kategorisk nekter å ta inn over seg det opposisjonen faktisk skriver i innstillingen og faktisk svarer på her i replikkrunder og fra talerstolen, og ikke minst over at de ikke har lyttet til Kommune-Norge. Det er flere kommuner som har pekt på de utfordringene vi peker på i forslagene våre til utredninger, men dessverre stemmes alt ned. Jeg tror de ville ha ført til at saken ble bedre belyst og etter hvert bidratt til bedre løsninger.

Presidenten [15:54:49]: Representanten Per-Willy Amundsen har hatt ordet to ganger tidligere og får ordet til en kort merknad, begrenset til 1 minutt.

Per-Willy Amundsen (FrP) [15:55:05]: Da vi har fått spørsmål om det ved to anledninger fra to ulike talere, ser jeg behov for å presisere det som handler om delkostnadsnøkler og utgiftsutjevning. Selvfølgelig er det ikke sånn at Fremskrittspartiet trekker det i tvil. Det mener jeg – og det har Fremskrittspartiet egentlig alltid lagt til grunn – er faglige vurderinger og kriterier som selvfølgelig ikke inngår i det vi mener er problematisk med det nye inntektssystemet.

Også når det gjelder regionalpolitiske tilskudd, har vi vært veldig tydelige og presisert hvor vi er uenige. Det fremgår av våre merknader. I all hovedsak er det enighet blant alle partier rundt hoveddelen av det som handler om regionalpolitiske tilskudd.

Jeg takker uansett for debatten.

Presidenten [15:56:04]: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 3.

Dermed er sakene på dagens kart ferdige. Forlanger noen ordet før møtet heves? – Møtet er hevet.

